



SAKSHANDSAMAR  
Kristi Vindedal

VÅR REF.  
16/01083-22

ARK. Forvaltningsarkivet  
351.8

INNVALSTLEFON

+47 98202846

DYKKAR DATO

VÅR DATO  
21.12.2016

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
[www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no)

Sjå mottakarliste

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland - ni landskap er valde ut til register.

Vi viser til brevet vårt 27.05.2014 med høyringsutkast *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland*, til brev av 17.11.2015 og e-post 8.11.2016. Riksantikvaren har no klart oversynet over desse landskapa i Hordaland, jf. lenke til rapport som vedlegg 1.

Følgjande område inngår i Riksantikvaren sitt register over Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland:

Den indre farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar  
Byfjellene, Bergen kommune  
Fitjarøyane, Fitjar og Bømlo kommunar  
Søre Bømlo og Hespriholmen, Bømlo kommune  
Etne, Etne kommune  
Rosendal, Kvinnherad kommune  
Indre Sørfjorden, Odda kommune  
Ytre Sørfjorden, Ullensvang herad  
Eidfjord, Eidfjord kommune

Riksantikvaren oppmodar kommunane og andre styresmakter om å forvalte desse landskapa slik at dei kulturhistoriske verdiane vert ivaretakne på best mogeleg måte.

#### Saksgang

Riksantikvaren sende utkast til Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland på høyring i mai 2014. Åtte av elleve kommunar der det er foreslått landskap, uttalte seg. I tillegg kom Ulvik herad med innspel. Regionale styresmakter uttalte seg òg. Alle høyringsmerknader og Riksantikvaren sine merknader til dei er summert opp i vedlegg 2.

Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune heldt 2. og 3. mars 2016 møte med nokre kommunar, som enten hadde bedt om det, eller som hadde større innvendingar til avgrensinga av sine landskap. Dette gjaldt Ullensvang herad, Kvinnherad kommune, Fitjar kommune og Bømlo kommune.

Sidan ferdigstilling av registeret for Hordaland har teke lenger tid enn først føresett, sende Riksantikvaren 8.11.2016 eit utkast til endeleg rapport til dei aktuelle kommunane med høve til å gje merknader innan 23.11.2016. Det kom inn merknader frå tre kommunar i denne runden.

## Målsetting med arbeidet

Den europeiske landskapskonvensjonen, som Noreg har sluttet seg til, legg vekt på at landskapet er ein felles ressurs som må sikrast gjennom målretta planlegging, forvalting og vern. Til dette trengs det m.a. oversyn over landskapsverdiane. Konvensjonen oppmodar difor landa om å kartleggje og prioritere landskap. Kulturminneforvaltinga har eit særskilt ansvar for å halde oversyn over kulturhistorisk verdifulle landskap.

## Gjennomføring

Riksantikvaren starta difor i 2013 eit forprosjekt for å etablere eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Dette var eit oppdrag frå Klima- og miljødepartementet.

Fylkeskommunen og Riksantikvaren har samarbeidd om å velje ut kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland. Det er Riksantikvaren som står ansvarleg for resultatet.

Med arbeidet i Hordaland ville vi:

- Velje ut kulturhistoriske landskap som er av nasjonal interesse
- Etablere eit register over desse som skal inngå i Riksantikvarens database Askeladden
- Skaffe erfaringar til vidareføring av arbeidet i resten av landet

Eit register for Østfold vart ferdigstilt i november 2015. På grunnlag av forprosjektet i dei to fylka er det vedteke å gå vidare med arbeidet til heile landet, og dette er no starta opp i fleire fylke. Riksantikvaren tek sikte på at registeret over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse skal vere etablert i heile landet innan 2020.

## Kommunane og Hordaland fylkeskommune si forvalting

Registeret over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse skal bidra til ei god forvalting av landskap. Det skal vere eit kunnskapsgrunnlag og eit forvaltingsverktøy for kommunane og andre styresmakter som påverkar og styrer arealutviklinga. Riksantikvaren vil med registeret gjere klart kva landskap det knyter seg nasjonale interesser til, kva desse er og korleis dei bør ivaretakast. Kulturminneforvaltinga vil med dette seie frå tidleg og tydeleg kva som er av nasjonal interesse og slik bidra til ei meir føreseeieleg arealplanlegging og forvalting av desse landskapa. Kommunane kan gjennom aktiv planlegging og forvalting bidra til å utvikle landskapa som ein ressurs for innbyggjarane og som grunnlag for næringsverksemد og arbeidsplassar, som til dømes innan reiseliv.

Riksantikvaren ber dei aktuelle kommunane i Hordaland om å ta i bruk sine eigne verkemiddel for å ivareta verdiane i dei kulturhistoriske landskapa. Her er planlegging etter plan- og bygningslova viktigast. Vi oppmodar kommunane om å synleggjere og ivareta landskapsverdiane i arealplanane sine og å ta omsyn til desse verdiane når område skal utviklast. Eit hovudtiltak er at dei kulturhistoriske landskapa vert avsett som omsynssone c) i kommuneplanens arealdel med retningsliner og at generelle føresegner til kommuneplanen vert nytta for å klarleggje kva omsyn som må takast og kva tiltak ein bør unngå.

Kulturminneforvaltinga i Hordaland fylkeskommune vil vere det nærmeste kontaktpunktet for kommunane og andre styresmakter når dei kulturhistoriske landskapa skal ivaretakast i planlegging, søknadshandsaming og forvalting elles. Fylkeskommunen kan gje råd og rettleiing og vil leggje registeret til grunn i sine innspel og i dialogen med kommunen og andre styresmakter i planprosessar som vedkjem desse landskapa.

Rapporten er tilgjengeleg på Riksantikvarens nettside

<http://www.riksantikvaren.no/Prosjekter/Kulturhistoriske-landskap-av-nasjonal-interesse> og  
områda vil bli lagde inn i Riksantikvarens kulturminnadbæse Askeladden.

Riksantikvaren håpar registeret vil verte eit godt verktøy for kommunane i forvaltinga av dei kulturhistoriske landskapa.

Beste helsing

Jostein Løvdal (e.f.)  
seksjonssjef

Kristi Vindedal  
prosjektleiar

**Brevet er elektronisk godkjent**

Vedlegg: 2

Kopi til: Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 TRONDHEIM/ Klima- og miljødepartementet - Kulturminneavdelingen, Postboks 8013 Dep., 0030 OSLO

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Austrheim kommune		Sætremarka 2	5943 AUSTRHEIM
Bergen kommune - Byantikvaren		Postboks 7700	5020 BERGEN
Bergen kommune - Etat for plan og geodata		Postboks 7700	5020 BERGEN
Bømlo kommune		Leirdalen 1	5430 BREMNES
Eidfjord kommune		Simadalsvegen 1	5783 EIDFJORD
Etne kommune		Postboks 54	5591 ETNE
Fitjar kommune		Postboks 83	5418 FITJAR
Fylkesmannen i Hordaland	Landbruksavdelinga landbruksavdelinga	Postboks 7310	5020 Bergen
Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvernadelinga Miljøvernadelinga	Postboks 7310	5020 Bergen
Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga		Postboks 7900	5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune - Regionalavdelinga		Postboks 7900	5020 BERGEN
Kvinnherad kommune		Rosendalsvegen 10	5470 ROSENDAL
Lindås kommune		Kvernhusmyrane 20	5914 ISDALSTØ
Odda kommune		Opheimsgata 31	5750 ODDA
Radøy kommune		Radøyvegen 1690	5936 MANGER
Statens vegvesen - Region vest		Askedalen 4	6863 LEIKANGER
Ullensvang herad		Heradshuset	5780 KINSARVIK
Ulvik herad		Skeiesvegen 3	5730 ULVIK
NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat		Postboks 5091 Majorstua	0301 Oslo